

Bu har nok å gjera fram til våren

14.08.2009



Frode Bu har nok å gjera fram til våren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg har ikkje merka noko finanskrisa. Ho kjem i alle fall ikkje til oss før til våren. Det seier Uskedalens svært aktive husbyggjar Frode Bu. Byggpartner Kvinnherad med sine åtte fast ansatte, har nok å gjera vinteren igjennom og har heller ikkje merka skjerpa konkurranse i den seinare tid.



Herøysund Brygge er det største prosjektet Byggpartner Kvinnherad har igang akkurat no. (Foto: Ola Matti Mathisen)
- Du satsar faktisk på å utvida staben....

- Jau, eg har avertert etter ein fagleg leiar som har allsidig kjennskap til bygningsfaget. Denne utvidinga kjem fordi eg no gjer alt mogeleg sjølv. Ikkje minst krev det stadig aukende kontorarbeidet mykje tid. Den faglege leiaren skal særleg ha ansvar for gjennomføringa av prosjekta og fylgja opp på byggjeplassen medan eg sjølv tek meg av dei ansatte, teikninga og salet.

Når den nyansatte er på plass, må eg også sjå meg om etter kontor plass i sentrum, seier Frode, som no har kontor heime på Ytre Eik.

Tømraren frå Bu i Eidfjord, som no har vore uskedeling i 14 år, er ein kreativ og allsidig hus-skapar og til no har han sjølv teikna 15 hus som han har bygd eller skal byggja. Bu har lenge merka ein typisk trend i tida: Folk vil helst ha hus med særpreg og ikkje slike som er masseproduserte.

Det mest fjerntliggjande prosjektet han er i gang med akkurat no er eitt hus i Lundegrend på Tysnes, men Bu strekar under at han ikkje har som målsettjing å jobba utanfor kommunen. At han fekk Tysnes-huset var fordi byggherren plukka ut eit Norgeshus frå katalogen.

Det største prosjektet Bu no har nærmast på heimebane er Herøysund Brygge som får tre leilegheiter og som han byggjer for uskedelingen Sindre Stensletten. Takoverbygg for Nilsen Handel er eit lokalt prosjekt som snart skal i gang.

Men det største prosjektet i Uskedalen som ligg rett forut er Bu sitt eige på Ytre Eik. På den 13 mål store eigedomen sin skal han få plass til åtte hus og to sjøhytter i strandkanten. Så langt er tre kontraktar underteikna og det er eit interessant poeng at alle byggherrene er innflyttarar. Ein er Bu sin eigen son som heim attende til heimbygda og dei to andre kjem frå Bergen og Odda.

I prosjektet inngår ein marina med 11 båtplassar og her skal det organiserast eit båtlag.

Om stutt tid startar marknadsføringa av tomtene som ikkje er selde og arbeidet med dei tekniske anlegga på Ytre Eik tek til så snart godkjenning ligg føre.

-Du satsar framleis på polsk arbeidskraft?

-Jau, det er ingen grunn til å skifta ut dei fire polske arbeidarane som er fast ansatte og som no har jobba i Byggpartner Kvinnherad i to år. Dei er svært dyktige, seier Frode.

Av Ola Matti Mathisen



Frode Bu på den flotte eigedomen sin på Ytre Eik, der det skal reisas åtte hus og to sjøhytter. (Foto: Ola Matti Mathisen)